

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Midt  
**Tid/Sted:** Torsdag 16.04.20 kl 12.30 – kl 14.10  
**Tilstede:** Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Sverre Tyldum, Borgny Kjølstad Grande, Kolbjørn Frøseth, Bård Tore Berntsen, Olav Håkon Ulfnes, Roy Albertsen og Magne Trondmo  
**Forfall:**  
**Kopi til:** Vara AU, Silje Laugsand Pynnten og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 16.04.2020

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p><b>Orientering frå styret</b></p> <p>Olav Håkon orienterte om at styret får daglege oppdateringar frå beredskapsgruppa. Utfordrande at det ikkje er råd med fysiske møter. Strategi, industristruktur, økonomisikring og vedtektsarbeid er viktige saker no. Industriplan: Vedtatt utgreiing på skjering storfe. Vedtektsarbeid: Spm kor omfattande denne gjennomgangen skal vere. I utgangspunktet tenkt justeringar i forhold til samvirkelova, praktisering av medlemskapitalordninga, storleik på styret og samansetnad, og oppgåver AU. Marknadsregulatoroppgåva: Agri Analyse fått i oppdrag å sjå på Nortura si kostnadsdekning.</p> <p>Marknadsutvikling: Indeks for sal daglegvare. Usikker på kostnadsdekning for ekstra tiltak i produksjonen, i forhold til salet. Kun 35 pers i karantene p.t. Ser på tiltak for auka effektivisering innanfor retningslinjene i fht smitte.</p> <p>Lars Morten ynskte innspel på forslag til årsmøtet frå AU Innlandet v/Hanne Guåker.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Oppfattar innspelet frå AU Innlandet som bekymring for at grepa på struktur ikkje er gode nok, må også gjere grep i adm. Deler oppfatninga av at vi må sjå på andre grep i tillegg til struktur.</li><li>• Guåker søker støtte frå resten av landet. Godt initiativ, men omdømme må takast omsyn til så det ikkje vert oppfatta som mistillit til styret og prosessen. Usikkert om det er antalet tillitsvalde som skal ned for kostnadsreduksjon.</li><li>• Må ha bondeøkonomi over heile landet i fokus, ikkje berre sør og vest. Heile landbruket og Nortura gjer ein kjempejobb i den situasjonen vi er i no. Konkurrentane kan opptre i ein mindre marknad. Må tenke oss grundig om korleis vi opptrer. Må snakke opp omdømmet.</li><li>• Nortura skal drive butikk. Politiske føringar om landbruk over heile landet. Omsetning pr ansatt hos konkurrent er relevant, dersom vi kan vise til at vår kostnad er høgare pga vår rolle som marknadsregulator, for landbruk over heile landet.</li><li>• Innspelet frå AU Innlandet må diskuterast, men årsmøtet no er ikkje rigga for ein slik debatt. Vert styret sin sak å behandle no, men lyt diskuterast til hausten.</li><li>• Stussar på indeks for sal til daglegvare. Burde ha vore over 100 no? Få opp gjennomføringsevne og -takt på omstillinga.</li><li>• Har inntrykk av at styret jobbar godt. Spørsmål førebuaast til RU-møtet til hausten og kretsmøta, med fokus på Nortura si rolle?</li><li>• Er det håp for kompensasjon for ekstra kostnad med koronatiltak? Eigarane våre trur vi berre kan setje opp prisane no, men er kjedene som avgjer. Må</li></ul>	

informerast om.

- Kanskje ikkje no landbruket skal klage, vi har arbeid og får selt varene våre.
- Kva snakkar vi om i ekstra kostnad for Nortura med koronatiltak og konsekvensar?

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

- 
- 2 **Innspel til styret knytt til strategiprosessen**  
Saka vart utsett til nytt tlf møte onsdag 22. kl 12 – kl 13.30.

- 
- 3 **Førebu regionen sitt innspel til årsmøtet 28.04**  
Lars Morten orienterte om at det vert 5–7 minutt til kvar region, der ein av utsendingane får kome med synspunkt, innspel og spørsmål til styreleiar og konsernsjef på vegne av regionen. Innspel vart også diskutert på AU-møtet 10.03. Lars Morten refererte det som kom fram då. Utålmodigheit på gjennomføring av tiltak som gjev økonomiske resultat for Nortura, samt industristrukturarbeidet er aktuelle innspel. Strukturen kan ikkje avgjere kvar produksjonen skal skje.

Innspel:

- Effektivisere innafør føremålsparagraf og oppdraget.
- Markedsadgang over heile landet er viktig.
- Viktig å påpeike kva vi får til i koronasituasjonen, ei mogelegheit til å posisjonere Nortura og landbruket positivt.
- Stolt av systemet og arbeidsfolket vårt, og korleis vi handterer situasjonen no.
- Samfunnet må vere villeg til å betale for ein beredskap i matproduksjonen.

**Vedtak: Lars Morten utarbeider og legg fram innspela frå AU Midt i årsmøtet**

- 
- 4 **Sakliste til tlf møte med kretsleiarane**  
Lars Morten ynskjer at vi gjennomfører eit tlf møte med kretsleiarane torsdag 23.04 kl 9 – kl 10, i forkant av årsmøtet 28.04. Må motivere, og ynskjer at Olav Håkon orienterer om marknadsmogeleghetene. Vedtektsarbeidet informerast om. Gjenta forslaget til disponering av årsresultat. Forslag til mal til profilering av eigen gard og produksjon, saman med Gilde og Prior, på nett.

Innspel:

- Be om innspel til spørsmåla til strategiprosessen, enten direkte til kontaktpersonen i AU eller i tlf møtet. AU-medlemene må ta ringerunde før tlf møtet.
- Lars Morten ynskjer at AU-medlemene også spør om inntrykk av økonomisk situasjon til produsentane i kretsen.
- Viktig at det vert tatt kontakt med folk i denne tida.
- Oppfordre kretsleiarane til å ha ei omsorgsrolle. Også orientere om årsmøtet og korleis det vert gjennomført. Oppfordre til kontakt med AU.
- I FK har det vore egne møter med dei som slit økonomisk.

**Vedtak: Brit Kari sender ut innkalling og sakliste til tlf møte med kretsleiarane torsdag 23.04 kl 9 – kl 10**

- 
- 5 **Orientering frå Medlem region Midt**  
Saka vart utsett til nytt tlf møte onsdag 22. kl 12 – kl 13.30.

- 
- 6 **Orientering frå fagutvala og ansvars-kretsane**  
Lars Morten hadde fått innspel om sakliste og referat frå fagutvala kan sendast til org leiar, for distribusjon og innsikt for AU. Ynskje synspunkt frå AU på det.

Kolbjørn orienterte om at det ikkje har vore møte i fagutval egg, men god info om koronasituasjonen.

Johan Kristian orienterte om auka sal på fjørfekjøtt til daglegvare, men auka kostnads-side.

Bård Tore orienterte om at lagersituasjon og pris mot neste sesong er tema i fagutval småfe. Innspel til engrospris siste halvår tema på neste møte. Engasjement om lager på lam opp mot import på storfe i sosiale media. Reguleringslager litt stort, Nortura sitt eige lager på akseptabelt nivå. Mogeleg tilpassing av prisløype lam til geografi.

Sverre orienterte frå fagutval gris. Jobbar med tilleggsytingar. Håpar på auka målpris. I kretsane stille frå medlemsmassen.

Borgny orienterte frå fagutval storfe, som skal ha møte fredag. Tapar marknadsandelar. Kampanje for storfe og gris på trappene. Tilleggsytingar diskutert. Pilot på slakteringar. Opplever at vi er meir på, m.a. med SMS med spm om innmeldingar.

Ragnar orienterte frå sine kretsar, med fokus på slakting storfe, produsentøkonomi, inntransport som fungerer.

Lars Morten har inntrykk av liten aktivitet i kretsane. Opptatt av status inntransport, som må fungere ved oppstart.

Brit Kari stilte spørsmål om det er nokon som ynskjer endring i fordelinga av ansvars-kretsane. Det var det ikkje.

#### Innspel/kommentarar:

- Fagutvala har saker som er sensitive for marknaden, så alt vert ikkje ført i referata. Viktig at tillitsvalgtapparatet kan få innsyn.
- Nortura har justert pris på gris, men konkurrentane vart før oss. Eit eksempel som kan tyde på at ein del info lek ut.
- Positivt med info om kva som skjer i fagutvala, men ofte saker i tidleg stadium som ikkje bør spreiaast. Viktigast at konsernstyret vert informert.
- Slakting seint i avtaleperioden har vore diskutert tidlegare. Slaktekapasitet har vore nemnt som årsak, vert det gjort noko på Malvik?

Roy

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. Fordelinga av ansvars-kretsane vert uendra.**

---

#### 7 Eventuelt

- Olav Håkon deltok på kretsmøta i Rogaland, og der dei har ein medarbeidar utan fagansvar som jobbar på bygda. Aktuelt at AU ber adm om å sjå om det er råd å få til i Midt-Norge?
- Lars Morten ynskjer at det vert tatt opp i tlf møtet 22.04.